

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2015

Inge Reidar Kallevåg sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

"Fylkesutvalet er kjend med at det parallelt med denne fylkeskommunale planen og blir arbeidd med ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Fylkesutvalet ser det som viktig med ei samordning og harmonisering av dei ulike krava og retningslinjene mellom desse to planane.

Fylkesutvalet ber spesielt høyringsorgana koma med sine merknader til dei framlagde forslaga til retningslinjer innanfor dei ulike temaområda."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Kallevåg sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å senda på høyring og leggja ut til offentleg ettersyn forslag til *Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger*. Høyringsperioden vert 22. mai til 1. oktober 2015.

Fylkesutvalet er kjend med at det parallelt med denne fylkeskommunale planen og vert arbeidd med ein interkommunal strandsoneplan for Sunnhordland. Fylkesutvalet ser det som viktig med ei samordning og harmonisering av dei ulike krava og retningslinjene mellom desse to planane.

Fylkesutvalet ber spesielt høyringsorgana koma med sine merknader til dei framlagde forslaga til retningslinjer innanfor dei ulike temaområda.